

## HØYRINGSNOTAT

<https://www.regjeringen.no/contentassets/1b3942a8e79c4a568508de6c3418634c/horingsnotat-forslag-til-lov-om-integrering-integreringsloven-og-forslag-til-endringer-i-lov-om-norsk-statsborgarskap-statsbo.pdf>

### HANDLINGSROM:

Høyringsfrist er 15 november 2019.

Høyringsnotat av 16 aug. 2019:

Forslag til lov om integrering (integreringsloven) og forslag til endringer i lov om norsk statsborgarskap (statsborgarlova)

## Høyrings svar ny lov om integrering (integreringslova) og forslag til endring i lov om norsk statsborgarskap (statsborgarlova)

Gloppen kommune, Eid kommune, Stryn kommune, Vågsøy kommune, Bremanger kommune og Selje kommune (heretter omtala om Nordfjord kommunane og deira rådmenn, heretter omtala som rådmennene) støtta i stor grad ny lov om integrering, men har følgande merknader:

1. Formålsparagrafen: «Formålet med loven er at nyankomne innvandrere tidlig integreres i det norske samfunnet og blir økonomisk selvstendige. Loven skal bidra til at innvandrere får gode norskkunnskaper, kunnskap om norsk kultur og samfunnsliv, formelle kvalifikasjoner og en varig tilknytning til arbeidslivet. Loven skal videre legge til rette for at asylsøkaren får kjennskap til norsk språk, kultur og samfunnsliv.» Departementet meina dette ikkje vil påføre kommunane meirutgifter. Det er uttalt frå kunnskapsdepartementet at einskilte tiltak vil føre til moderate meirutgifter, medan andre vil føre til innsparing.

Nordfjord kommune frykta større økonomiske konsekvensar, særleg for små og mellomstore kommunar med få flyktningar. Rådmennene ber om at dette vert nærare utgreia.

2. Nordfjordkommunane stiller seg undrande til at vertskommunen for mottak skal ha hovudansvar for kompetansekartlegging i mottak. Dette vil føre til meirarbeid og meirkostnad for kommunane.
3. Nordfjordkommunane meina at punktet om at deltakarar med vidaregåande skule eller meir berre skal ha rett og plikt til 3-6 månader programtid. Rådmennene meina

at lengda på opplæring må avgjerast etter individuell vurdering. Vi må sjå den enkelte sine behov. Basert på vår erfaring meina vi at dette kan verke øydeleggande for mange. Rådmennene sakna og ei utgreiing av korleis dette skal vurderast. Skal utdanninga være godkjent eller held det at dei opplyser om dette? Individuell tilpassing har fram til i dag vore viktig i individuell plan. Her vil staten ta avgjersle for ei stor gruppe.

4. Nordfjordkommunane støtta ikkje forslaget om ein gitt frist for gjennomføring av opplæring og prøver i samfunnskunnskap
5. Nordfjordkommunane støtta forslaget om at det vert lovfesta rett og plikt til karriererettleiing før oppstart av introduksjonsprogrammet. I tillegg foreslår vi (rådmennene) at karriererettleiing bør være lovfesta rett og plikt gjennom heile introduksjonsprogrammet. *Gløppen kommune har god erfaring med dette.*
6. Nordfjordkommunane støtta forslaget om forsvarlighetskrav
  - Som i dag, oppstart innan 3 månader etter busetjing
  - Fulltidsprogram med vedtak om opplæring
7. Nordfjordkommunane meina integreringskontrakt ikkje vil føre til auka overgang til utdanning eller arbeid. Vi meina at mål og hensikt hensikta med introduksjonsprogrammet vert ivaretatt gjennom innhald og oppfølging av individuell plan. Ei kontrakt i tillegg til det eksisterande vil være ekstra papirarbeid og potensielt auka forvirring hjå deltakar.
8. Nordfjordkommunane støtta ikkje forslaget om reduksjon av stønad for heimebuande ungdom under 25 pr. Denne er foreslått redusert frå 2/3 2G til 1/3 2G Nordfjordkommunane er bekymra for dei økonomiske konsekvensane for den enkelte familie. Vi har eit fokus på barnefattigdom spesielt og fattigdom generelt. Vi (rådmannen) meina at dette forslaget vil gjere at ei gruppe som i utgangspunktet har svak økonomi vil få dårlegare kår. Nordfjordkommunane meina at departementet forskottera effekten av ny lov og meina at dette ikkje er gunstig før en har gjort erfaring med den nye ordninga. Kommunen vil få meirutgifter mellom anna på sosialhjelp dersom dette lovforslaget vert vedteke.
9. Nordfjordkommunane støtta forslaget om å gjere vidaregåande skule meir tilgjengeleg i introduksjonsprogrammet.
10. Nordfjordkommunane ber om at punktet om grunnleggande kvalifisering vert tatt inn igjen. Utan grunnleggande kvalifisering vert det vanskeleg å gjennomføre utdanning eller få ei varig tilknytning til arbeidslivet.

**Nordfjordkommunane ynskjer ikkje å ta stilling til forslag om endring i lov om statsborgarskap da dette i stor grad er eit politisk spørsmål.** Vi rådmennene stiller spørsmål

om konsekvensane er utgreia i forhold til om vi går mot eit segregert samfunn der ein (stor?) del av befolkninga ikkje kan delta i demokrati, m.a ved at dei ikkje kan stemme ved val.

### **Resymé:**

Kunnskapsdepartementet foreslår å oppheve lov 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrar (introduksjonsloven) og innføre ei ny lov om integrering (integreringsloven).

Departementet meina lovforslaget skal bidra til rask oppstart av kvalifisering av nyankomne flyktingar. Målet med forslaget er at fleire skal delta i arbeidslivet og kunne syte for eige livsopphald, få kjennskap til norsk språk, kultur og samfunnsliv.

Departementet meina at vi kan oppnå dette ved at:

- Introduksjonsprogrammet i større grad enn i dag, skal fylle gapet mellom kva erfaring og utdanning deltakaren har når dei kjem til Noreg, og kva krav den norske arbeidsmarknaden stiller.
- Vi går no frå gjennomførte timar til eit krav om eit vist nivå i norsk. Slik at deltakaren får tilstrekkelege norskkunnskapar til at vedkomande vil klare seg i arbeidslivet eller kunne få utbytte av ei utdanning.
- Dei store skilnadane som er påvist mellom kommunane når det gjelder blant annet innhald, kvalitet og resultat i introduksjonsprogrammet og norskopplæring skal reduserast.

I høringsnotatet foreslår departementet:

- Innskrenke dagens målgruppe for deltaking i opplæring i norsk og samfunnskunnskap frå dagens 16–67 til 18–67 år.
- I større grad differensiere programtid for deltakarane i introduksjonsprogrammet.
- Krav om minimums innhald i introduksjonsprogrammet.
- Innføre integreringskontrakt som gjengir overordna ansvar mellom kommunar og den enkelte deltakar i introduksjonsprogrammet.
- Innføre krav om at personar som underviser i norsk etter introduksjonsloven skal ha formell pedagogisk utdanning og minimum 30 studiepoeng i faget norsk som andrespråk.
- Innføre krav om at kompetansekartlegging og karriererettleiing skal bli tilbudd til alle innvandrar med rett og plikt til introduksjonsprogram.
- Ungdom under 25 år som ikkje har fullført vidaregåande opplæring frå før skal primært ha opplæring etter opplæringslova, som del av sitt introduksjonsprogram.
- Dagens krav om opplæring i norsk i eit visst tal timer vert endra til eit generelt krav om å bringe deltakarane opp på et minimumsnivå i norsk som gjer at dei kan delta i utdanning og arbeidsliv.
- Vidareføring av kommuna sine høve til å tilby introduksjonsprogram til ei avgrensa gruppe som ikkje har rett og plikt etter lova
- Om frist for oppstart av program skal være kortare enn 3 månader.
- Innføring av forsvarlighetskrav

- Endring av regler for fritak fra opplæring og prøver i norsk og samfunnsfagkunnskap.
- Om opplæringen og prøven i samfunnskunnskap bør gjennomføres innen en gitt frist.
- Endringer i storleiken på introduksjonsstønaden for deltakere under 25 år.
- Fylkeskommunane skal få ansvar for:
  - å anbefale antall flyktninger som bør bli busett i den enkelte kommune i fylket
  - utarbeide planar for kvalifisering av innvandrere
  - sørge for tilbud om karriererettleiing
  - rettleie og følge opp kommunene i kvalifiseringsarbeidet.

Departementet foreslår å heve kravet til kunnskaper i norsk muntlig, for rett til statsborgerskap etter søknad, fra nivå A2 til nivå B1

Departementet meina at dei samla tiltak som vert foreslått ikkje vil ha vesentlege økonomiske konsekvensar for kommunane. Det vert derfor lagt til grunn at tiltak vert gjennomført innanfor gjeldande rammer.

## **Vurdering:**

### **Verdiskaping og auka kompetanse**

Arbeidsmarknaden krev i dag arbeidstakarar med formell utdanning. Det er krav til kompetanse og det er stadig mindre etterspurnad etter ufaglært arbeidskraft. Nordfjordkommunane meina det er viktig å satse på kvalifisering/utdanning som ein del av introduksjonsprogrammet. Rådmennene meina det er viktig å legge til rette for at flest mogleg kan få høve til å delta i utdannings og arbeidsliv. Den norske velferdsmodellen avheng av høg arbeidsdeltaking og det er viktig at alle nyttar si arbeidsevne fullt ut.

### **Barn, unge og familie**

Formålet med lovendringa er at fleire av innvandarane vert kvalifisert for varig tilknytning til arbeidslivet og bli sjølvforsørgera.

Rådmennene meina varig tilknytning til arbeidslivet vil føre til betre økonomi for den enkelte. For unge mellom 18 og 25 år vil det direkte påverke innhaldet i programmet slik at fleire når målet om å fullføre vidaregåande skule. Nordfjordkommunane stiller seg kritiske til å redusere introduksjonsstønaden for denne gruppa Dette an være med på å påverke familiens totale økonomi. Dette fører igjen at dei fortsett å være i kategorien låginntektsfamilie.

Når det gjeld delen med obligatorisk foreldrerettleiing som ein del av introduksjonsprogrammet vil dette være med å sikre at alle foreldre får informasjon og rettleiing om å være foreldre i Noreg. Kva som krevst, er forventa og kva reglar som gjeld i Noreg. Rådmennene meina dette vil skape trygge foreldre som kan være gode rollemodellar for barna sine også i eit integreringsperspektiv.

**Målguppe:**

Når det gjeld forslag om å endre målgruppe for deltaking i norsk og samfunnskunnskap støtta rådmennene forslaget. Departementet foreslår at det ikkje lenger skal være høve til å vekse seg inn i og ut av introduksjonsprogrammet.

**Innhald i programmet:**

Departementet foreslår at kurs i livsmeistring og foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet skal være obligatorisk. Nordfjordkommunane har over tid sett nytten av dette og er i gang med å utdanne fleirkulturelle ICDP rettleiarar. Rådmennene ser at dette vil betre forutsetningane for integrering. Rådmennene støtta forslaga om å innføre både kurs i livsmeistring og foreldrerettleiing som obligatorisk del i introduksjonsprogrammet.

**Lengde på programmet:**

Departementet foreslår i større grad differensiere programtida for deltakarane i introduksjonsprogrammet. Programtida vil da variere ut frå kva utdanning og kompetanse den enkelte har med seg frå heimlandet, samt kav som er sluttmålet for den enkelte. Sluttmålet skal som hovudregel setjast i tidsrommet mellom busetjing og vedtak om introduksjonsprogram. Dvs innan 3 månader etter busetting.

Departementet sitt forslag er at slutt mål skal bestemast på bakgrunn av gjennomført kompetansekartlegging og karriererettleiing. Formålet med differensieringa er i større grad å gjere individuell tilpassing. Rådmennene meina forslaget ikkje tek høgde for individuell tilpassing av programmets lengde. Rådmennene meina dette går motsett retning, deltakarane må bli plassert i ei av 3 grupper basert på deira bakgrunn. Nordfjordkommunane si erfaring er at det er stor variasjon blant flyktningane. Forskjellane er både på kompetanse og føresetnad for å forstå rettleiing og ta imot informasjon som vert gitt på så tidleg tidspunkt. Nordfjordkommunane tolka lovforslaget til å handle meir om kva utdanning vedkomande har med seg enn vedkomande sitt reelle behov. Nordfjordkommunane si erfaring er at ein person med fullført vidaregåande utdanning ikkje nødvendigvis fyller krava i den norske arbeidsmarknaden. Det er viktig å understreke at karriererettleiing er ein prosess over tid. Dette meina Nordfjordkommunane er ekstra viktig for denne målgruppa. I starten er det mykje som skal på plass for den enkelte og mykje å lære. Å setje eit slutt mål i denne perioden vil for dei fleste være utenkeleg. Departementet presisera at det skal være høg terskel for å endre slutt mål til eit lågare nivå med bakgrunn i manglande progresjon. Rådmennene meina det er stor risiko for å fatte slutt mål på feil grunnlag. Mykje anna må på plass før dei har fult utbytte av karriererettleiing. Det er andre krav til arbeidsmarknaden enn dei er vant til. Nordfjordkommunane har svært få, om nokon, som avslutta programmet etter 6 månader, sjølv om dei har papir på utdanning frå heimlandet. Det er krevjande å oppnå eit tilfredsstillande nivå både i norsk språk, kulturforståing, samfunnsliv og kunnskap om det norske arbeidslivet. Rådmennene meina lengda på programmet må vurderast individuelt som i dag. Innafor ramma som er gjeve.

Departementet meina deltakar som har fullført fagopplæring som slutt mål, normalt vil trenge fire år på å gjennomføre utdanninga. Departementet understreka at denne gruppa bør få forlengsels slik at dei kjem lengst mogleg i opplæringa før programmet vert avslutta. Nordfjordkommunane meina det er viktig å understreke at departementet legg til grunn eit normert løp for ein ordinær elev når dei beskriv det som er forventa av deltakar i introduksjonsprogrammet. Det er svært krevjande for ein deltakar i introduksjonsprogrammet å fullføre fagopplæring i løpet av fire år. Nordfjordkommunane har erfaring frå fagopplæring til denne gruppa gjennom Gloppenmodellen. Det er krevjande å kvalifisere seg for vidaregåande opplæring, og å stå å i eit opplæringsløp. Rådmennene støtta endringa om forlenging av denne gruppa, da det er viktig å støtte deltakarane i eit kvalifiseringsløp.

**Opplæring I norsk og samfunnskunnskap:**

Departementet sitt forslag er at dagens krav til at det skal gjennomførast 600timer opplæring I norsk og samfunnskunnskap, vert erstatta med krav om at deltakar skal oppnå eit minimumsnivå I norsk. Nivået vert regulert ut frå vedkomande sin utdanningsbakgrunn og sluttmålet. Minimumsnivået vil ligge mellom A2 og B2 både munnleg og skriftleg. Departementet sitt forslag er at deltakar med minimum vidaregåande opplæring berre skal ha rett til opplæring I 18 månadar. Rådmennene er positive til endring frå eit timetal tile it språknivå, men er bekymra for dei økonomiske konsekvensane dette kan medføre. Det er vitig å understreke at A” kan være eit urealistisk mål for deltakarar med låg kompetanse eller lite skulebakgrunn frå heimlandet. Dette vil krevje eit langt opplæringsløp. Rådmennene støttar ikkje forslaget om at deltakarar med minimum vidaregåande skule berre skal ha rett til 18 månader opplæring. Nordfjordkommunane si erfaring er at mange har behov for lengre tid. Dette avheng bade av kav utdanning og erfaring vedkomande har frå heimlandet, men og kva opplevingar vedkomande har hatt før busetting. Rådmennene meina det må være ei individuell vurdering basert på den enkelte sitt behov, som I dag.

**Individuell plan og integreringskontrakt:**

Departementet sitt forslag er at det skal utarbeidast ein individuell plan mellom deltakar og kommunen. I høyringsnotatet syner departementet til at det I dag vert utarbeida ein plan for norsk og samfunnskunnskap og ein for introduksjonsprogrammet. Rådmennene støttar forslaget om ein felles plan i introduksjonsprogrammet. I Nordfjordkommunane er dette praksis også I dag.

Departementet foreslår og å innføre ei integreringskontrakt mellom deltakar og kommunen. Departementet har ikkje gjort reie for nytteverdien I dette utover individuell plan. Rådmennene støttar ikkje dette forslaget da det fører til meirarbeid knytt til sakshandsaming. Det e rei reell fare for at deltakar vert forvirra og ikkje forstår kva dette er. Alt id ag er det stor forvirring rundt individuell plan og bruk av begrep kring dette. Rådmennene meina det er den individuelle planen, innhald og oppfølging av denne som har betydning for sluttresultatet.

**Karriererettleiing før oppstart i introduksjonsprogrammet:**

Departementet foreslår å lovfeste rett og plikt til å gjennomføre karriererettleiing for personar i målgruppa for introduksjonsprogram. Departementet meina karriererettleiing skal gjennomførast etter busetting og bør være gjennomført før det vert fatta vedtak om introduksjonsprogram. Det er i følge høyringsnotatet fylkeskommunen som skal syte for dette tilbudet. Rådmennene støtta forslaget om at det vert lovfesta rett og plikt til karriererettleiing. Rådmennene foreslår at karriererettleiing bør være lovfesta rett og plikt gjennom heile programmet. Erfaring syner at behovet for karriererettleiing auka utover i programmet. Når deltakar nærma seg overgang til utdanning er behovet stort. Både for å bli trygga på at valet dei har tatt er rett, og for å sjå kva som er mogleg etter avslutta utdanning.

Rådmennene ynskjer å sikre at rettleiinga er tilpassa den lokale arbeidsmarknaden samt høve til å ta utdanning i regionen. Det er viktig å sikre god rettleiing som gjer at deltakarar kan ta val ut frå kor dei bur og ynskjer å bli buande.

#### **Kommunane sitt høve til å tilby introduksjonsprogram:**

Departementet foreslår å vidareføre kommunane sitt høve til å tilby introduksjonsprogram til ei avgrensa gruppe som ikkje har rett og plikt etter lova. Forslaget inneber at kommunar som tilbyr introduksjonsprogram til personar som fell utanfor målgruppa sjølve må finansiere programmet for desse. Rådmannen støttar forslaget.

#### **Frist for oppstart av programmet:**

Departementet meina det er eit mål at kvalifiserings skal starte tidleg, og vurderer om fristen bør være kortare enn 3 månader. Rådmennene er ikkje einige i at fristen skal være kortare dersom det skal gjennomførast karriererettleiing og setjast slutt mål før oppstart av programmet. Men, dersom dette kan gjerast innafor andre fristar kan oppstart skje raskare. Nordfjordkommunane har gjennom, mange år med busetting, at mange deltakarar treng tett oppfølging og mange samtalar i starten av programmet for å finne sitt slutt mål. Dette legg grunnlaget for innhaldet i programmet. Mange bruka tid på å forstå kvifor dei er med på introduksjonsprogram. Oppstart i introduksjonsprogrammet skjer parallelt med etablering i eigen bustad, barn skal få barnehageplass og skal ha tilvenning i barnehage og på skule. Nytt samfunn, nye regler, ny kultur osv. Rådmennene presiserer at i dei tilfelle introduksjonsprogrammet kan starte tidleg så må praksis være som i dag.

#### **Krav om at kommunane sitt tilbod må være forsvarleg:**

Departementet sitt forslag om å regulere kommunane sitt ansvar i ein overordna bestemmelse i lova. Det er forslag om å synleggjere at kommunane er ansvarleg for å syte for tidleg kvalifisering, introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Departementet meina det bør stillast krav til kvalitet på kommunane sitt tilbod, særleg på bakgrunn av evaluering av loven og tidlegare tilsyn. Det kjem fram i høyringsnotatet at forsvarlighetskravet inneber ein minimumsstandard som gjeld det samla tilbodet til deltakarane. Ikkje til enkeltelemt isolert. Rådmennene støtta forslaget om forsvarlighetskrav og foreslår følgande kriteriar;

1. Vedtak om introduksjonsprogram og individuell plan innan 3 månader etter busetjing.
2. fulltidsprogram med vedtak om opplæring

#### **fritak frå opplæring i norsk og samfunnskunnskap og prøver**

Departementet foreslår å endre reglane for fritak, slik at det vert stilt krav om at den enkelte må dokumentere eit høgare karakternivå i fag enn i dag. Departementet vil utgreie kva nivå som skal setjast. Reglane om fritak frå opplæring i norsk og samfunnskunnskap har og betydning for unntak frå å beherske norsk munnleg og ha bestått prøve i samfunnskunnskap for å få statsborgarskap. Departementet foreslår at den enkelte må dokumentere ein av følgande;

- bestått norskprøve eller avsluttande prøve i norsk med ferdigheter på minimum B1 på skriftleg om munnleg prøve
  - gjennomført opplæring i norsk eller samisk som svara til læreplan for faget i grunnskule, og der det er sett karakter
  - Gjennomført opplæring i norsk eller samisk som svara til læreplan for vidaregåande opplæring og det er sett standpunkt karakter i faget
  - Gjennomført studiar i norsk eller samisk på universitets – eller høgskulenivå i Noreg eller utlandet som jamstillast med 30 studiepoeng
  - Oppfyller inntakskrav for norsk eller samisk for universitet eller høgskule
- Rådmennene ser at departementet auka kompetansekravet for å kunne søkje fritak frå norsk og samfunnskunnskap, men det kjem ikkje klart fram om dei som har vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram får fritak frå opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter integreringslova. Rådmennene ynskjer derfor ikkje å ta stilling til dette forslaget.

#### **Opplæring og prøve i samfunnskunnskap:**

Departementet foreslår å vidareføre dagens ordning med opplæring i samfunnskunnskap og ynskjer tilbakemelding på om prøver bør gjennomførast innan ein gitt frist. Rådmennene meina det er uklart om det er kommunane eller fylkeskommunen som skal ha dette ansvaret for deltakarane som har vidaregåande skule som sitt fulle program. Forslaget om ein gitt frist vil kunne medføre at kommunane eller fylkeskommunane kan måtte gjennomføre fleire testar, og det er færre deltakarar på kvar test. Rådmennene meina dette vil bli kostnadskrevjande, og støtta ikkje dette forslaget.

#### **Introduksjonsstønad:**

Departementet foreslår å vidareføre dagens reglar om introduksjonsstønad, men med nokre endringar i størrelsen på stønad til deltakarar under 25 år. For deltakarar under 25 år foreslår departementet å redusere beløpet frå dagens 2/3 av 2G til 1/3 av 2G for dei som bur heime hjå foreldra. Departementet meina det er urimeleg at deltakara som bur med foreldra skal ha inntekt som er høgare enn andre unge i låginntektsfamiliar. Rådmennene meina forslaget om å redusere inntekta med grunnlag at flyktningane ikkje skal ha det betre enn andre familiar med låg inntekt. Rådmennene meina ein reduksjon av introduksjon stønaden syter for at flyktningfamiliarne bli lenge blant dei med låg inntekt, dette vil føre til ytterlegare avgrensing i integrerings og inkluderingsarbeidet til kommunane. Familiarne vil ikkje ha økonomi til å prioritere å delta på aktivitetar som kostar. Dersom dei skal delta vil dette med etter alt å dømme belaste kommunen sitt budsjett. Rådmannen støtta ikkje forslaget om reduksjon av stønad til 1/3 av 2G for deltakarar som bur heime. Vidare foreslår departementet at stønaden vert redusert krone for krone for arbeid som inngår i programmet dersom det er gunstig for deltakar. Dagens ordning er reduksjon av stønad time for time, det vil si at dersom ein deltakar jobba som ein del av programmet vil vedkomande få stønaden redusert etter kor mange timar han har jobba. Rådmannen meina at forslaget



om å reduserer krone for krone er meir rettferdig og motiverande for deltakar, og støtta forslaget.

### **Fylkeskommunane sitt ansvar:**

I meld. St 6 (2018-2019) foreslår departementet å lovfeste fylkeskommunane sitt ansvar for busetting av flyktningar. Forslaget inneber at ansvar for busetting på regionalt nivå vert lovfesta. Departementet foreslår at fylkeskommunen skal vurdere og anbefale kor mange flyktningar som skal busetjast i den enkelte kommune i fylket. Anbefalingane skal være basert på nasjonale føringar, samarbeid med kommunane i fylket, planer for kvalifisering av innvandrarar. I tillegg til fylkeskommunane sin kjennskap til regionen og den enkelte kommune og deira tenestetilbod og planar for samfunnsutvikling. Departementet foreslår at den einaskilde kommune framleis skal fatte vedtak basert på anmodning frå IMDI. Departementet sitt forslag er at fylkeskommunen skal utarbeide plan for kvalifisering av innvandrarar, syte for tilbod om karriererettleiing samt rettleie og følgje opp kommunane i deira arbeid. Rådmennene støttar forslaget.

### ***Heve kravet om kunnskapar i norsk for rett til statsborgarskap***

Statsborgarskap skal henge høgt og kravet vert endra frå nivå A2 til B1 i munnleg norsk. Departementet er klar over at dette vil kunne medføre at fleir ikkje vil fylle vilkåra for norsk statsborgarskap, og at det vil kunne medføre fleire avslag og klagesaker. Rådmennene ynskjer ikkje å ta stilling til forslag om å heve norsk kunnskapane for rett til statsborgarskap, da dette er et politisk spørsmål.

### **Økonomi**

Departementet meina at enkelte av tiltaka som er foreslått vil påføre kommunane moderate meirutgifter. Andre tiltaka vil føre til innsparing. Departementet meina såleis at tiltaka sett under eit ikkje vil ha vesentleg økonomisk konsekvens for kommunane. Det vert difor lagt til grunn at samla tiltak skal utførast innafor gjeldande rammer. Rådmennene meina deler av departementet sine berekningar er ufullstendige og lite nyanserte. Rådmennene vurderer på bakgrunn av forslaget at dei samla utgiftene kan auke. Nordfjordkommunane si erfaring er at svært få, om nokon, avslutta programmet etter 6 månader, dette sjølv om deltakar har dokumentert utdanning frå heimlandet. Dette mellom anna fordi det er krevjande å oppnå eit tilfredsstillande nivå sett opp mot kravet som arbeidslivet har når det gjeld språk, kultur, samfunnskunnskap og kunnskap om arbeidslivet i Noreg. Rådmennene meina at berekninga om 20% som skal være kvalifisert for arbeid, utdanning og dermed er sjølvforsørge etter 3-6 månader er urealistisk. Departementet legg og til grunn at 30% skal ta vidaregåande utdanning på normert tid. Det er og lagt til grunn at deltakar etter 2 år skal gå over til lærlinglønn. Departementet berekna ei innsparing for kommunane på bakgrunn av dette. Rådmennene meina, på bakgrunn av erfaring i Nordfjordkommunane at dette er eit urealistisk mål. Nordfjordkommunane si erfaring er at det er svært krevjande å ta fagopplæring samstundes med norskopplæring. Når dette skal skje på 2 år og vedkomande skal være klar til lærlingløp etter 2 år, er dette eit urealistisk mål.

Departementet meina at forslaget om redusert introduksjonsstønad for heimebuande ungdom 25 år, og forslaget om at fleire skal ta vidaregåande opplæring vil medføre innsparing. Rådmennene meina at innsparing her vil krevje eit vist tall deltakarar i denne kategorien, det er få i kategori i små kommunar. I tillegg meina rådmennene at dette vil kunne føre til at familien samla sett får dårlegare økonomi, og står i fare for å måtte mota supplerande sosialhjelp. Dette betyr at kommunane si samla utgift vil kunne auke.

For dei som skal ha vidaregåande utdanning som ein del av sitt introduksjonsprogram er departementet sitt forslag at fylkeskommunen skal ha ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Kommunane mottok i dag tilskot til opplæring i norsk med samfunnskunnskap for personar mellom 16 og 25 år. Departementet meina det er rimeleg at fylkeskommunen får delar av tilskotet som i dag går til kommunane for deltakarar i denne kategorien. Kommunane vil ikkje få norsk tilskot for desse personane, men vil da få tilskot for personar dei faktisk skal gje norskopplæring til. Departementet er klar over at søknadsfrist til vidaregåande skule kan være ei utfordring som kan føre til forseinking i oppstart av vidaregåande opplæring for den enkelte. Forslaget er at kommunane likevel vil ha ansvar for å gje denne gruppa tilbod fram til oppstart i vidaregåande skule. Rådmennene meina det ikkje kjem klart fram i forslaget kva økonomisk tilskot kommunane får knytt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for denne gruppa. Rådmennene stiller spørsmål ved dei økonomiske konsekvensane og vurderer at departementet i stor grad forskuterar effektane og lar kommunane få meirutgiftene som må dekkast gjennom dei totale inntektsrammene før det er gjort erfaringar med dei nye ordningane som er foreslått.